

## **RYTTERMELDING INTERNT OG UTVIDA KLUBBSTEMNE 26. SEPTEMBER**

Stemnet startar klokka 13.00 (ikkje 12.00 som tidlegare førespegla). Vi startar med sprangklassene, og gjer oss ferdig med alle desse, både IK og UK, før dressuren byrjar. Banevisning vert ca 12.45 for alle klasser, men det vert høve til ei kjapp runde til fots for dei som ynskjer det før start i kvar ny klasse.

Alle sprangklassene er Clear Round, med høve til to forsøk dersom ein pådreg seg feilpoeng i fyrste runde. I 20 cm er det lov med leiar, og somme vil ri på lånt hest. Alle deltakarane i denne klassa får sløyfe uansett resultat, og det er ingen rangering. Alle sprangklassene varmar opp inne i railen som er sett opp til dressurklassene, i den vestlege enden av bana. Det skal maks vere fire-fem ekvipasjer på oppvarmingsbana i gangen.

Alle feilfrie får sløyfene sine utdelt før dei forlet bana. Bruk gjerne det flotte grusvegnettet i området til nedskritting.

Rytterttest LD er sett opp som programtrening for barn. I denne klassa er det lov med leiar, og somme vil ri på lånt hest. Her er det også sløyfe til alle som tek del, uansett resultat. Det er ingen rangering i denne klassa, men ryttarane vil få konstruktiv tilbakemelding. RLD startar kring klokka 1445. Oppvarming til dressurklassene vert på sprangbana 40x60m (oppvarmingsbana opnar kring 1430). Det er ikkje sett noko tak på kor mange som kan varme opp der samstundes, men vis omsyn til dine medkonkurrentar.

RLD vert premiært etter kvar ryttar, medan øvrige dressurklasser vert premiært etter kvar klasse. Det vert redusert premiering i klasser med færre enn 3 startande.

Hestepass med vaksinasjonar i høve KR1 skal visast i sekretariatet før hesten vert lasta av hengar. Startavgift skal vere betalt før start i fyrste klasse. Sekretariatet opnar ein times tid før fyrste klasse.

Parkering skjer i tilknytning til ridebana. Vi har fått større parkeringsplass sidan sist stemne, men vi ber om at alle stiller seg opp på ein ryddig måte, slik at det blir god plass til alle. Personbilar kan parkere langs vegen ned til bana, på vegskuldra/graset.

Sal av mat og drikke på stemneplassen. Hugs at vi ikkje har bankterminal, så det kan vere lurt å ta med litt ekstra småpengar.

Velkommen til stemne i Volda!